

## **Prosjektskildring:** **«Syng saman – vår lokale barnesongtradisjon»**

**Bakgrunn:** I Nordhordland har me gjennom århundrer utvikla ein rik songtradisjon. Denne var ein viktig del av den gamle bondekulturen vår; både i arbeid og høgtid. Songane vart overlevert munnleg frå ein generasjon til neste fram til moderne maskiner overtok i arbeidet på gardane og teknologiske nyvinningar overtok underhaldninga til menneska. Songen mista sin funksjon og stod i fare for å døy ut saman med dei som kunne dei. Lukkelegvis har fleire innsamlarar av folkemusikk reist rundt i regionen vår til ulike tider og dokumentert den rike kulturarven gjennom notenedteikningar og opptak av song og musikk. Ved å studera materialet, finn ein at den lokale folkesongtradisjonen vår er ei rik kjelde til utvikling av kunnskap om vår lokale kulturarv og den inviterer til refleksjon kring fortid og notid. Den er samstundes også kjelde til estetiske opplevingar.

I den generelle delen av læreplanen for grunnskulane (2015), er det trekt fram viktigheita av at ein i opplæringa tek vare på og utdjupar kjennskapen elevane har til nasjonale og lokale tradisjonar. Dette er mellom anna viktig for utviklinga av kvar einiskild sin identitet. Der ulike tradisjonar og kulturer møtest, vil nye impulsar koma til og det er rom for kritisk refleksjon. Kunnskap om eigen tradisjon og kultur er viktig i dette møtet. I Rammeplan for barnehagane (2017) finn ein også under fagområdet *Kunst, kultur og kreativitet* understrekt viktigheita av å leggja til rette for at borna får møta ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk «som gjenspeiler et mangfoldig samfunn og ulike tidsepoker». Ein finn også at barna skal møta ulike språk og dialektar i rim, regler, sanger med meir frå samtid og fortid for å utvikla seg innanfor kommunikasjon, språk og tekst.

Då den lokale folkesongtradisjonen vår er ein viktig del av det kulturelle mangfaldet og ei rik kjelde til utvikling av barn og unge si kulturforståing og identitet, vart det frå 1995 og utover 2000-talet i regi av Kjersti Wiik gjort eit stort arbeid med å formidla den lokale songtradisjonen til barn og unge gjennom konsertar, kurs, plateinnspelningar og anna. I alle barnehagar og skular i Nordhordland song barn og unge songane, dei fekk kunnskap og opplevde songglede i det å utvikla eit felles repertoar som gjerne beste- og oldeforeldra også hadde kjennskap til, men som dei hadde gløymt inntil dei høyrde dei på nytt. Dei siste åra har det i mindre grad vore rom for å halda dette arbeidet vedlike og ein ser no ein ny generasjon som veks til og som ikkje har fått ta del i våre lokale, klingande kulturarv.

Det er mange barn ein skal nå ut til og me er få kulturberarar som heldt songtradisjonen i hevd per i dag. Ein ynskjer såleis å gje opplæring til barnehagelærarar og lærarar i småskulen, samt småbarnsforeldre, besteforeldre og andre interesserte, slik at dei kan vera med å vidareføre denne songtradisjonen til dagens born og unge.

**Hovudmålsetjing:** Alle barn i barnehagane og på småtrinnet i Nordhordlandskommunane skal kunna minst ti barnesongar med lokalt opphav og slik verta kjend med si lokale kulturarv.

**Delmål:** Å lære barnehagelærarar og lærarar på småtrinnet (1.-4.klasse), samt småbarnsforeldre, besteforeldre og andre interesserte lokal klingande kulturarv – sanger, historiar med meir, slik at dei er i stand til å vidareformidla denne gjennom si yrkesutøving og i sin kvardag.

**Metode:** Det vert gjennomført 3 kurskveldar med om lag ti deltakarar over tre veker, kvar på 3 undervisningstimar (totalt 9 undervisningstimar). På desse kurskveldane vert sanger og historiar kring desse gjennomgått grundig. Undervisninga vil føregå etter den gamle læremeistertradisjonen, der elevane imiterer læraren. Gjennom lytting, imitasjon og repetisjon

vert songane lært og dette er også grunnen til at ein ynskjer å gjennomføra kurset over fleire veker i staden for å ha eit lengre dagsseminar. Det vil verta utdelt tekstar/notar, samt songane vert innspelt og gjort tilgjengeleg for deltakarane digitalt/på CD i etterkant av kurset.

### **Gjennomføring/ressursar:**

**Fagleg:** Kjersti Wiik og Linda Røyseth Sandhåland er prosjektleiarar og vil stå for gjennomføring av kvar sine kurskveldar. Begge har solid kompetanse innan fagområdet, samt mange års erfaring frå pedagogisk arbeid (sjå presentasjon av prosjektleiarane under).

**Praktisk:** Kurset vil verta marknadsført gjennom omtale og annonsering i lokalaviser, samt direkte kontakt med barnehagestyrarar/rektorar per telefon og deretter utsending av kursinvitasjon med påmeldingsfrist.

Lokalitet for kurset vert på ein sentral stad i Knarvik i Lindås kommune. Det er behov for eit rom der 10-12 personar kan sitja på stolar i ein ring. Det vil vera enkel bevertning.

Dette er eit pilotprosjekt, og ein ser for seg å gjennomføra fleire kurs med ulike deltakarar i september, oktober og november. Det vert sendt ut felles invitasjon, der deltakarane kan melda seg til eitt av kursa.

Kurs 1: Torsdag 13., 20. og 27.september kl.18.30 – 21.00.

Kurs 2: Torsdag 4., 18. og 25.oktober kl.18.30 – 21.00.

Kurs 3: Torsdag 8., 15. og 22.november kl.18.30 – 21.00.

Påmeldingsfrist vert sett til 3.september 2018. Ved stor interesse, vil ein vidareføre prosjektet også i 2019. Ein vil i tilfelle koma tilbake med søknad om støtte for vår/haust 2019.

**Økonomi:** Dei økonomiske rammene er synleggjort i utarbeidd budsjett for prosjektet (sjå eige vedlegg). Ein har lagt vekt på så låg deltakaravgift som mogleg, då ein veit at barnehagar og skular har tronge økonomiske rammer å verka innanfor.

Det vil påløpe nokre eingongskostnader i samband med utvikling/tilrettelegging av materiell til kurset (notetranskripsjon, innspeling av songar med meir). I tillegg er det administrasjonskostnader knytt til kartlegging av og utsending av invitasjon til deltakarar, kommunikasjon med nye deltakarar og liknande.

**Kompensasjon for kursdeltakarane:** Ein vonar skular/barnehagar har høve til å tilgodesjå deltakarane nokon kompensasjon for dei tre kurskveldane.

### **Om prosjektleiarane:**

**Kjersti Wiik (f.1959, Lindås)** har musikklerarutdanning frå Bergen Lærarhøgskule og hovudfag i klassisk song frå Griegakademiet i Bergen. Ho starta i 1995 innsamling av vokal folkemusikk i Nordhordland. Dette var eit nybrottsarbeid som resulterte i over 700 dokumenterte songar som elles stod i fare for å døy ut saman med dei eldre som kunne desse. Kjersti har lang røynsle som pedagog og underviser privat og i kulturskular der ho både lærer vidare den vokale folkemusikken frå Nordhordland, men også underviser i andre sjangrar. Ho er også nytta som instruktør på ei rekkje kurs og festivalar, samt har vore nytta som dommar på kappleikar. Kjersti dirigerer også kor. Ho har fleire plateutgjevingar bak seg, og har turnert som songar og folkesongar i inn- og utland. Ho har mellom anna turnert i barnehagar og skular med folkesongar. Kjersti har motteke fleire stipend og prisar for sitt arbeid, sist Rotary si prestisjetunge *Paul Harris Fellow* utmerking i 2016.

**Linda Røyseth Sandhåland (f.1981, Meland)** er utdanna folkesongar, song- og musikkpedagog og logoped. Ho har utdanninga si frå Høgskolen i Telemark, Ole Bull Akademiet på Voss og Universitetet i Bergen. Linda er tidlegare songelev hjå Kjersti og har mellom anna lytta gjennom og redigert alt det innsamla materialet hennar. Linda har lært folkesongar direkte frå eldre utøvarar, frå opptak og notar. Ho har drive som utøvande folkesongar sidan 1995 og er kvalifisert til deltaking i eliteklassa på Landskappleiken. Ho

opptrer for det meste a capella, men også i samspel med andre musikaner. Linda har fordjupa seg i den vokale folkemusikken frå kysten av Hordaland. Ho har lang erfaring som musikkpedagog og har mellom anna drive grupper knytt til Musikk frå livets begynnelse, undervist barn og unge i song og musikk i kulturskular, i grunnskulen, på folkehøgskule og hatt folkesongkurs for vaksne. Linda har motteke fleire stipend og prisar for sitt arbeid som formidlar av vokal folkemusikk, mellom anna Ivar Medaas-prisen i 2001.

**Kontaktopplysningar:**

Linda Røyseth Sandhåland  
Skurtveitvegen 66  
5917 ROSSLAND  
E-post: [linda.royseth@online.no](mailto:linda.royseth@online.no)  
Mobil: 952 07 796.  
Org.nr: 997 904 052

Kjersti Wiik  
Litlevika 42  
5914 ISDALSTØ  
E-post: [post@kjerstiviik.no](mailto:post@kjerstiviik.no)  
Mobil: 926 63 920  
Org.nr: 875 986 732

**Litteraturliste:**

**Generell del av læreplanen:**

Det meiningssøkjande mennesket: *Kulturarv og identitet*. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/det-meiningssokjande-mennesket/#kulturarv-og-identitet> (sist endra 25.08.2015).

**Rammeplan for barnehagen:**

9. Barnehagens fagområder: *Kunst, kultur og kreativitet*. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/fagomrader/kunst-kultur-kreativitet/> og *Kommunikasjon, språk og tekst*. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/fagomrader/kommunikasjon-sprak-tekst/> (sist endra 01.08.2017).